

Samfunnshuset Haugatun
Postboksoks 92
5950 Lindås

Åsmelding frå styret i Haugatun 2018

Huset har siste halve året vore brukt til kulturelle arrangement og utleigd til private arrangement der leigetakarar ordnar det meste sjølv.

Småsalen har siste tida ikkje vore til utleige grunna oppussing. Møbel-inventar og gesims under taket er fjerna og slipung, sparkling og maling er påbegynt. Dette arbeidet må verta ferdig til 24. mars då salen er leigt ut til ein 50 -årsdag.

Lekkasje på kloakkrør i gang v/kjøkken er funne og reparert. Denne var i bakkant av plastrøret, i overgang til golvet. Det må leggjast belegg på golvet før toalettet kan monterast på plass.

Helland Elektro har godkjend arbeidet med framføring av straum til varmpumpene og barakke.

Arbeid med å skaffa oversikt over tildelt nøklar til huset pågår. Ein del nøklar er diverre ikkje levert inn att frå personar som ikkje lenger har engasjement i huset. Laga vert oppfordra til å laga oversikt over kven som har nøkkel og kva nr. nøklane har. Ta gjerne kontakt med Svein Gjelsvik då han har god oversikt på dette.

Det er sendt ny søknad om samordna registrering i Brønnøysundregisteret. Me har ikkje fått noko svar enno.

For styret